



## ÅRSMELDING 2018/19



Karoline Holsen Kyte har delteke i fleire internasjonale meisterskap. Her frå EM motbakkeløp i 2019.

## Innholdsregister:

|                                   |            |
|-----------------------------------|------------|
| Sakliste                          | side 3     |
| Sakshandsaming/innstillingar      | side 4-7   |
| Tillitsvalde SFFIK                | side 8     |
| Årsmelding frå styret 2018/19     | side 9-22  |
| Rekneskap 2018/19 / budsjett 2020 | side 23-24 |
| Revisjonsrapport 2018/19          | side 25    |
| Resultat over 1000p J/G 2018/19   | side 26-27 |
| Vedlegg                           | side 29-31 |

**KRINSTINGET**  
**Torsdag 13.08.2020**

**Tinget opnar kl. 18.00**

**Møtestad: Microsoft Teams**

**Saklista til friidrettstinget.**

- Sak 1 Opning av tinget**
- Sak 2 Godkjenning av fullmaktene**
- Sak 3 Konstituering av tinget**
- Sak 4 Årsmelding 2018/19**
- Sak 5 Rekneskap 2018/19**
- Sak 6 Framtidig krinsstruktur**
- Sak 7 Endring av Sogn og Fjordane Friidrettskrins si lov**
- Sak 8 Støtte til klubbar med utøvarar på rekruttlandslag**
- Sak 9 Krinskontingent 2020**
- Sak 10 Krinskontingent 2021**
- Sak 11 Budsjett 2020**
- Sak 12 Budsjett 2021**
- Sak 13 Val etter lova for SFFIK**
- Sak 14 Handlingsprogram for SFFIK 2020-2022**
- Sak 15 Tid og stad for neste friidrettsting**
- Sak 16 Utdeling av prisar og heidersteikn**
- Sak 17 Avslutning**

### **Sak 1. OPNING AV TINGET**

Opnings- og helsingstaler.

### **Sak 2. GODKJENNING AV FULLMAKTENE**

Krinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner fullmaktene.

### **Sak 3. KONSTITUERING AV TINGET**

#### **A) Saklista.**

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner utsende sakliste.

#### **B) Forretningsorden til tinget.**

Styret sitt framlegg til Friidrettskrinstinget:

Friidrettskrinstinget godkjenner følgjande forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 vald dirigent. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det ved å løfte tildelt nummerlapp. Ordet vert gjeve etter tur.  
Ordet vert gjeve frå utsendingane sin tilviste plass i møtesalen.
3. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida for innleiingsforedrag om saker med framlegg til vedtak i saklista, vert sett til maksimum 15 minuttar. Taletida elles vert sett til 5 min. andre og tredje gongen.  
Representantar som krev ordet til forretningsorden har taletid i 1 minutt. Dirigenten har rett til å gjere framlegg om strek.
4. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram, etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til avrøysting.
5. Alle vedtak og val vert gjort med vanleg fleirtal, med dei unntak lova fastset. I alle val der det ligg føre meir enn eitt framlegg, vert det nytta skriftleg avrøysting. Alle andre avrøystingar vert gjort ved røysteteikn. Berre når dirigenten er i tvil, eller tinget krev det, vert det føreteke avrøysting ved namnoppprop.
6. I protokollen fører ein inn framlegg og vedtak, talet på røyster for og i mot dersom tinget krev det, og namnet på dei som hadde ordet i saka.
7. Protokollen vert underskriven av 2 valde representantar.

**C) Val av dirigent.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Som dirigent vert vald:

Johnny Solheimsnes, Jølster IL

**D) Val av sekretær.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Som sekretær vert vald: Merete Helgheim, styret

**E) Val av tellekorps.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Som tellekorps vert valde:

Linn Kathrin Bakke, styret i SFFIK.

Asgeir Årdal, administrasjon i SFFIK.

**F) Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.**

To til å skrive under møteprotokollen:

**G) Val av redaksjonsnemnd.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Val av redaksjonsnemnd:

Håkon Løseth, leiar

+ 2 repr etter framlegg frå tinget

**Sak 4. ÅRSMELDING 2018/19.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Friidrettstinget godkjenner årsmeldinga for 2018/19.

**Sak 5. REKNESKAP 2018/19.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Friidrettstinget godkjenner rekneskapen for 2018/19.

Overskot for 2018/19 vert tilført SFFIK sin frie eigenkapital.

**Sak 6. FRAMTIDIG KRINSSTRUKTUR**

Kvar krets er blitt utfordra av styret i forbundet til å gjennomføre drøftingar om framtidig kretsorganisering. Oppdraget frå forbundet var:

*Kretser som hører til i samme region skal gjennomføre felles drøftingar om framtidig kretsorganisering og med basis i disse konkludere om de ønsker å:*

*1) Videreføre dagens kretser med samme rammer som i dag*

*2) Videreføre dagens kretser, men inngå forpliktende samarbeidsavtaler med andre kretser*

*3) Slå seg sammen.*

Styret i Sogn og Fjordane Friidrettskrins har hatt samtalar med Hordaland Friidrettskrets.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Sogn og Fjordane Friidrettskrins blir vidareført med same ramme som i dag.

**Sak 7. Endring av Sogn og Fjordane Friidrettskrins si lov**

NIF har gjort endringer i lovnorma for særkrinsane. Endringane i NIF sitt regelverk trådte i kraft 1. januar, og Sogn og Fjordane Friidrettskrins må endre lova si slik at den blir i samsvar med NIF si lovnorm.

### **Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Ny lov for Sogn og Fjordane Friidrettskrins vert godkjent.

### **Sak 8. STØTTE TIL KLUBBAR MED UTØVARAR PÅ REKRUTTLANDSLAG**

Framlegg frå Gloppen Friidrettslag: «Støtte til klubbar med utøvarar på rekruttlandslag». Sjø vedlegg om innkomme sak.

### **Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Sogn og Fjordane Friidrettskrins set av budsjettsum på inntil 40 000 kr for 2020 til å dekkje dokumenterte reiseutgifter og eigenandelar for utøvarar i samband med rekrutteringssamlingar per kalenderår. Laget til den aktive sender dokumentert oversyn til friidrettskrinsen innan utgangen av året. Styret får fullmakt til å fastsette budsjettsum til dette føremålet i 2021. Saka skal opp på nytt på tinget i 2022.

### **Sak 9. KRINSKONTINGENT 2020**

Grunna Covid19 ynskjer friidrettskrinsen å gi klubbane ei økonomisk handsrekning. Krinsen har fått støtte av Sparebankstiftinga på 75 000,- kr for å redusere klubbane sine utgifter i samband med krinskontingent for 2020.

### **Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Friidrettskrinsen dekkjer resterande av krinskontingenten av oppsparte midlar for 2020-

### **Sak 10. KRINSKONTINGENT 2021**

### **Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Styret får fullmakt til å fastsetje krinskontingent 2021.

### **Sak 11. BUDSJETT 2020**

### **Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Friidrettstinget godkjenner budsjettforslaget for 2020.

### **Sak 12. BUDSJETT 2021**

### **Styret sitt framlegg til friidrettsinget:**

Styret får fullmakt til å vedta budsjett for 2021.

### **Sak 13. VAL ETTER LOVA FOR SFFIK.**

### **Sak 14. HANDLINGSPROGRAM SFFIK 2020-2022**

Det er utarbeidd forslag til handlingsprogram for kommande tingperiode basert på strategisk plan i NFIF.

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

På bakgrunn av innspel på tinget 2020 får styret fullmakt til å utarbeide handlingsprogram gjeldande frå 2020-2022. Ny rullering på handlingsprogrammet vert sak på tinget 2022.

**Sak 15. TID OG STAD FOR NESTE FRIIDRETTSTING**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Styret får fullmakt til å avgjere tid og stad for neste friidrettsting i 2022.

**Sak 16. UTDELING AV PRISAR OG HEIDERSTEIKN**

**Sak 17. AVSLUTNING**

**ÅRSMELDING FOR SOGN OG FJORDANE FRIIDRETTSKRINS  
FOR PERIODEN 01.01.18 TIL 31.12.19.**

**TILLITSVALDE:**

**1.1 Styret:**

|                   |                         |                               |
|-------------------|-------------------------|-------------------------------|
| Leiar:            | Håkon Løseth            | Førde IL                      |
| Nestleiar:        | Merete Helgheim         | Gloppen FIL                   |
| Styremedlem:      | Silje Kristin Moldestad | Breimsbygda IL – ungdomsrepr. |
| Styremedlem:      | Steinar Gram            | Førde IL                      |
| Styremedlem:      | Linn Kathrin Bakke      | Haugen IL.                    |
| 1. vara           | Ragnhild Fjærestad      | Vik IL                        |
| 2. vara           | Ivar Vårdal             | Svint IL                      |
| Vara ungdomsrepr: | Elias Slåtten           | Jølster IL                    |

|                   |                   |            |
|-------------------|-------------------|------------|
| <b>REVISORAR:</b> | Oddvin Øygard     | Jølster IL |
|                   | Gunnar Sunde      | Jølster IL |
| 1.vara:           | Jøran Laukeland   | Førde IL   |
| 2.vara:           | Anbjørg Sunnarvik | Florø T&IF |

**VALNEMND:**

|         |                    |              |
|---------|--------------------|--------------|
| Leiar:  | Torgeir Urdahl     | IL Syril     |
| Medlem: | Anita Nyland Skaar | Svint IL     |
| Medlem: | Irene Lødemel      | Hornindal IL |
| Vara:   | Olav Terum         | Aurland IL   |

**DOMMARUTVAL**

|                  |                      |                     |
|------------------|----------------------|---------------------|
| Leiar:           | Dagfinn Nyhammer     | Fjellhug/Vereide IL |
| Medlem:          | Birger Berge         | Fjellhug/Vereide IL |
| Medlem:          | Birgith Hjelle Roset | Gloppen FIL         |
| Personlege vara: | Ole Perry Lødemel    | Hornindal IL        |
|                  | Joar Sunde           | Olden IL            |
|                  | Hans-Petter Galtung  | Olden IL            |

**Representant på ledermøte og høstmøte i NFIF**

|                      |                  |
|----------------------|------------------|
| Leiar i styret :     | Representant     |
| Nestleiar i styret : | Vararepresentant |

**UTSENDINGAR TIL FORBUNDSTINGET I NFIF:**

Leiar, nestleiar med øvrige styremedlemmer som vara.

**1 OPPNEMNDE REPRESENTANTAR OG UTVAL:**

**Statistikk/rek.utval:**

|        |                    |             |
|--------|--------------------|-------------|
| Leiar: | Jørund Årdal       | Gloppen FIL |
|        | Johnny Solheimsnes | Jølster IL  |

|                 |              |             |
|-----------------|--------------|-------------|
| Serieansvarleg: | Jørund Årdal | Gloppen FIL |
|-----------------|--------------|-------------|



## **2 Møter:**

### **2.1 Styremøter:**

Det vart avvikla i alt 7 styremøter. Det har vore god kommunikasjon mellom styret og administrasjon via e-post og telefon på driftsoppgåver og aktuelle saker.

### **2.2 Viktige saker som styret/administrasjon har arbeidd med:**

Økonomi/Budsjett

Framtidig kretsstruktur i Norsk Friidrett

Handlingsprogram

Krinssamlingar

Friidrettsturnè

LERØY-leikane med samlingar

Interkrinskamp mot Hordaland og Møre og Romsdal for 13 og 14 åringane på Byrkjelo.

Byrkjeloleikane, arrangement for psykisk utviklingshemma

Fellesidrettslege saker med andre særkrinsar/idrettskrins

Terminlistearbeid-eigen og samordning med andre idrettar

Rådgeving i anleggssaker

Rådgeving i samband med arrangement

Rådgeving og møte knytt til hall for friidrett i Førde.

### **Omtale av dei viktigaste sakene:**

#### **Økonomi/Budsjett**

Krinsen har god økonomi og god egenkapital, det har difor ikkje vore utfordringar knytt til økonomi i tingperioden. Krinsen har sikre inntekter der dei viktigaste er krinskontingent, lisens, regionstilskot frå NFIF, særkrinstilskot frå IK/fylkeskommune og bingoinntekter.

#### **Krinskontingent.**

Krinstinget 2018 vedtok ikkje endring i krinskontingenten og denne har difor vore uendra i heile tingperioden.

#### **Handlingsprogram**

Basert på handsaming på krinstinget utarbeidde styret endeleg handlingsprogram for tingperioden.

#### **Interkrinskamp mot Hordaland 13 og 14 åringane på Byrkjelo.**

Det har vore tradisjon med innlagt kretskonkurranse mot Hordaland for 13 og 14 åringane i Sparebenkleikane på Byrkjelo. Denne har ein gjennomført også i 2018. Her legg Breimsbygda ned eit godt arbeid då dei tek seg av innkvartering og mat for gjestene frå Hordaland, medan krinsen har ansvaret for det sportslege og lagkonkurransen. I 2019 kunne ikkje Hordaland stille lag, då dei ikkje prioriterte dette i deira budsjett. Hordaland var klare til å delta i krinskampen i 2020, men Covid-19 sette ein stoppar for storleiken på arrangementet.

### **LERØY-leikane med samlingar**

Krinsen har hatt lag i krinskonkurransen som er initiert av NFIF der ein begge åra i tingperioden har hatt lag til LERØY-leikane på Osterøy (2018) og Haugesund (2019) for 13 og 14 åringane. Konseptet har eit stort øvingsutval noko som gjer det utfordrande å dekke alle øvingane. Med sporty ungdom som vil score poeng for laget har ein dekkja opp mange øvingar og dei unge har prøvd seg på nye øvingar. Lagkonkurransen er mot Hordaland, Rogaland og eit samansett lag for begge kretsane i Agder.



Deler av Sogn og Fjordane sin tropp under LERØY-leikane i Haugesund i 2019.

### **Krinssamlingar**

Vi har gjennomført fleire samlingar på tvers av klubbgrensene. Vi har nytta oss av kompetansen ute i klubbane som trenarar, i tillegg hatt god hjelp Tor Inge Myrhol og frå dei aktive utøvarane Eivind Øygard og Henrik Holmberg på desse samlingane. Fleire av desse samlingane har vore med overnatting, og vi trur at slike samlingar er viktige både sportsleg og for miljøet i friidretten i vår krins.

### **Byrkjeloleikane, arrangement for psykisk utviklingshemma**

I samarbeid med fotballkrinsen og Breimsbygda IL har krinsen vore medarrangør på Byrkjeloleikane som er ein aktivitetssdag for psykisk utviklingshemma der friidrett er ein av aktivitetane. I 2019 markerte arrangementet 8-årsjubileum og friidrett som grein vert sett stor pris på blant deltakarane.

### **Fellesidrettslege saker med andre særkrinsar/idrettskrins**

Krinsen har vore representert både administrativt og politisk på ulike fellesidrettslege møte i hovudsak i regi av Sogn og Fjordane Idrettskrins / Vestland idrettskrets (frå 2020).

### **Terminlistearbeid-eigen og samordning med andre idrettar**

Det er nettbasert løysing for stemnesøknader og terminliste. Dette gjev meir fleksibilitet men samstundes utfordringar med å få inn søknader i god tid slik at ein får ei god terminliste utan uheldige kollisjonar. Stort sett har ein klart å unngå kollisjonar på løp utanfor bane der det er mest arrangement i ein kort sommarsesong.

### **Rådgjeving i anleggssaker**

Krinsen har dei siste åra merka auka etterspørsel etter råd i samband med drift og vedlikehald av anlegg i tillegg til råd ved planlegging av utbygging av anlegg. Dette er viktig kompetanse å få for idrettslaga slik at ein får ei utforming av anlegga som er idrettsfunksjonell og god.

### **Rådgjeving i samband med arrangement**

Krinskontoret er relativt mykje brukt i samband med arrangement med rådgjeving for arrangørar. Krinsen har også eige elektronisk tidtakaranlegg med vindmålar som er gratis til utlån for klubbane. Dette er ei god løysing for arrangørar som ikkje har anledning til å kjøpe inn eige og kostbart utstyr.

### **Rådgjeving og møte knytt til hall for friidrett i fylket.**

I friidrettskrinsen si handlingsplan er det gjeve tydeleg signal om at ein skal arbeide for å få bygd ein hall med rundløpsbane med fast doserte svingar. I konseptet Førde Arena er det teikna inn slike fasilitetar for friidrett, og slik vi ser det er desse planane realistiske å få til. Dette arbeidet må halde fram også i neste tingperiode.

### **Handlingsprogram 2018/2019**

Dette vart lagt fram på tinget 2018 til arbeid i grupper og til vidare handsaming. Gjeldande handlingsprogram har vore retningsgjevande for arbeidet til styret og administrasjon. Nytt handlingsprogram er bygd opp omkring hovudpunkta i strategisk plan i NFIF, tilpassa lokal aktivitet og blir handsama på tinget 2020.

### **Friidrettens Dag/Friidrettsskular**

Dei ulike konseptar har vore nytta av klubbar over heile fylket med lokale tilpassingar. Gjennom desse tiltaka får klubbane mykje godt materiell som er tilbydd frå NFIF.

### **Tinestafetten 2018/2019**

Tinestafetten har vorte jamt aukande i heile landet siste åra og vi registrerer mindre svingingar i deltakinga i vårt fylke frå år til år. Endra skulestruktur og mindre årskull verkar inn på deltakinga og tal skular. Sogn og Fjordane har i fleire år utmerka seg nasjonalt med høgast prosentvis deltaking i dei aktuelle årskulla og med flest gjennomførte arrangement og ein desentralisert struktur på arrangementa.

Arrangementa er svært populære og vert arrangerte for 6-9 klasse i grunnskulen. I tillegg til dei som er deltakarar i sjølve stafetten deltek dei andre i klassane som publikum og heilagjeng, der det også vert utdelt premiar. Det er vanskeleg å måle rekrutteringseffekten til friidretten etter denne årlege aktivitetsdagen i skulane. I 2019 deltok 5380 elevar fordelt på 36 arrangement i Sogn og Fjordane.

### **Friidrettsturne 2019**

I 2019 starta krinsen opp med friidrettsturne 2019. Vi besøkte Stryn, Måløy, Førde, Sogndal, Øvre Årdal, Vik og Askvoll. Her arrangerte vi stemner, der krinsen stilte med

startar, og dommarar – medan klubbane på dei ulike stadane stilte med funksjonærar/dommarar. Vi fekk støtte av Sparebankstiftinga til dette, og dei auka støtten til det same tiltaket i 2020.

### 3 Aktivitetstal, lag i Sogn og Fjordane Friidrettskrins:


#### 3.1 Idrettsregistreringa – aktivitetstal:

Tala knytt til idrettsregistreringa er eit av dei viktigaste kriteria i mange fordelingssaker. Det er difor viktig for friidretten i Sogn og Fjordane at alle friidrettsgruppene registrerer sin aktivitet via *Samordna Rapportering*.

I Idrettsregistreringa skal det registrerast tal aktive medlemmer i dei ulike aldersgruppene og kjønn. Både dei som trenar, konkurrerer, eller på ein annan måte bidreg til aktivitet i idrettslaget, skal registrerast som aktive i den greina deira aktivitet er knytt til. Greiner i friidrett er: 1:Friidrett på bane. 2:Gang mosjon og turmarsj. 3:Løp utanfor bane. 4:Øvrig friidrett.

|                       | 2016 | 2017 | 2018 |                            | 2016        | 2017        | 2018        |
|-----------------------|------|------|------|----------------------------|-------------|-------------|-------------|
| Almenning Idrettslag  | 52   | 66   | 67   | Jølster IL                 | 327         | 338         | 346         |
| Aurland IL            | 66   | 122  | 7    | Kaupanger IL               | 3           | 8           | 129         |
| Balestrand IL         | 351  | 311  | 93   | Kyrkjebø IL                | 89          | 348         | 321         |
| Breimsbygda IL        | 217  | 299  | 192  | Lavik IL                   | 103         | 43          | 15          |
| Brekke IL             | 136  | 120  | 119  | Leirgulen IL               | 17          | 6           | 1           |
| Bremanger IL          | 3    | 6    | 7    | Loen IL                    | 6           | 173         | 180         |
| Bulandet IL           | 7    | 32   | 11   | Luster IL                  | 121         | 29          | 36          |
| Dale IL               | 199  | 1    | 1    | Lærdal IL                  | 180         | 82          | 122         |
| Dalsøyra IL           | 67   | 207  | 143  | Markane IL                 | 314         | 222         | 112         |
| Davik IL              | 38   | 4    | 1    | Modig IL                   | 41          | 93          | 87          |
| Eid IL                | 26   | 1    | 1    | Måløy IL                   | 2           | 2           | 1           |
| Eikefjord IL          | 42   | 118  | 300  | Norddalsfjord IL           | 17          | 17          | 12          |
| Eivindvik IL          | 344  | 286  | 306  | Olden IL                   | 107         | 33          | 21          |
| Fanaråk IL            | 73   | 82   | 83   | Oppstryn IL                | 20          | 20          | 21          |
| Feios IL              | 77   | 75   | 63   | Sandane Turn og Idrettslag | 107         | 118         | 114         |
| Fjellhug/Vereide IL   | 203  | 202  | 353  | Selje IL                   | 207         | 3           | 3           |
| Fjærland IL           | 50   | 46   | 42   | Sogndal IL                 | 16          | 15          | 200         |
| Florø Tog IF          | 556  | 190  | 332  | Stadlandet IL              | 38          | 33          | 36          |
| Førde IL              | 323  | 521  | 525  | Stryn T og IL              | 48          | 34          | 63          |
| Gaular IL             | 311  | 184  | 93   | Studentspretten IL         | 38          | 1           | 1           |
| Gloppen Friidrettslag | 122  | 79   | 98   | Stårheim IL                | 23          | 22          | 24          |
| Hafslo IL             | 1    | 63   | 4    | Svelgen T&IF               | 44          | 75          | 283         |
| Hardbagg IL           | 109  | 181  | 93   | Svint IL                   | 23          | 28          | 24          |
| Haugen IL             | 26   | 74   | 35   | Syril IL                   | 87          | 73          | 61          |
| Heia IL               | 31   | 13   | 1    | Tambarskjelvar,IL          | 113         | 108         | 108         |
| Hornindal IL          | 182  | 92   | 119  | Vadheim IL                 | 55          | 55          | 78          |
| Hyen IL               | 141  | 139  | 135  | Vik IL                     | 350         | 535         | 66          |
| Hyllestad IL          | 12   | 15   | 1    | Vikane IL                  | 10          | 204         | 86          |
| Høyang,IL             | 51   | 138  | 71   | Viksdalen IL               | 113         | 79          | 228         |
| IL Bjørn              | 346  | 219  | 174  | Von IL                     | 28          | 61          | 51          |
| IL Brodd              | 242  | 251  | 278  | Ålfoten IL                 | 14          | 14          | 42          |
| Jotun IL              | 64   | 127  | 47   | Årdalstangen IL            | 2           | 2           | 10          |
|                       |      |      |      |                            | <b>7131</b> | <b>7138</b> | <b>6677</b> |

Aktivitetstal 2013-2018 grafisk framstilling:



Kjelde for grafikk: Sogn og Fjordane IK

## 4 Utdanning:

### 4.1 Trenarutdanning:

Det har blitt avvikla aktivitetsleiarkurs (friidrett for barn-kurs) i Eikefjord og Jølster i denne perioden. Trenar 1 kurs vert halde på Skei med 26 deltakarar frå heile fylket.

### 4.2 Dommarutdanning:

Det har vore gjennomført godkjenning/sertifisering av nye krinsdommarar. Det har blitt arrangert kurs i Gloppen, Hornindal og Førde.

## 5 Arrangert stemner i krinsen:

### 5.1 Viktige arrangert stemner i krinsen:

| Stemner:                     | 2018                                    | 2019         |
|------------------------------|-----------------------------------------|--------------|
| Internasjonale stemner:      | Florø Fridrettsfestival<br>Florø Indoor | Florø Indoor |
| KM bane alle klassar         | Førde                                   | Førde        |
| NM senior                    | Byrkjelo                                |              |
| Sparebankleikane m/krinskamp | Byrkjelo                                | Byrkjelo     |
| Norgescup Motbakkeløp        | Fanaråken Opp                           |              |



NM senior på Byrkjelo vart arrangert i 2018. Trude Raad sikra seg gull i slegge. Foto: Eirik Førde.

## 7. Rekordar, resultat i internasjonale og nasjonale stemner:

### 7.1 Krinsrekordar:

#### Følgjande senior krinsrekordar vart sette i 2018:

|        |               |             |       |
|--------|---------------|-------------|-------|
| Slegge | Thomas Mardal | Gloppen FIL | 72,81 |
|--------|---------------|-------------|-------|

#### Følgjande senior krinsrekordar vart sette i 2019:

|             |                      |             |          |
|-------------|----------------------|-------------|----------|
| Slegge      | Thomas Mardal        | Gloppen FIL | 73,10    |
| 5000 m      | Karoline Holsen Kyte | Førde IL    | 17.23,93 |
| Halvmaraton | Eivind Øygard        | Jølster IL  | 1.05,45  |

### 7.2 Internasjonale representasjonar:

Desse har representert Norges Friidrettsforbund på junior/seniorstemne i 2018:

#### Nordisk-baltisk U23 landskamp, Sverige:

|                               |        |       |
|-------------------------------|--------|-------|
| 1. Thomas Mardal, Gloppen FIL | slegge | 72,81 |
| 3. Thomas Mardal, Gloppen FIL | diskos | 52,36 |

#### VM motbakkeløp, Andorra:

25. Karoline Holsen Kyte, Førde IL

#### Nordisk meisterskap i terrengløp, Island:

|                                                |        |
|------------------------------------------------|--------|
| 13. Eivind Øygard, Jølster IL                  | 9,0 km |
| 3. Norge (Eivind Øygard med i lagkonkurransen) |        |

Desse har representert Norges Friidrettsforbund på junior/seniorstemne i 2019:

#### EM motbakkeløp, Slovenia:

13. Karoline Holsen Kyte, Førde IL

#### Nordisk meisterskap i terrengløp, Finland:

|                                                |        |
|------------------------------------------------|--------|
| 13. Eivind Øygard, Jølster IL                  | 9,0 km |
| 2. Norge (Eivind Øygard med i lagkonkurransen) |        |

#### EYOF, G16/G17, Baku

|                              |        |       |
|------------------------------|--------|-------|
| 3. Steffen Melheim, Olden IL | diskos | 59,66 |
|------------------------------|--------|-------|

#### Nordisk meisterskap U20, Kristiansand

|                              |        |       |
|------------------------------|--------|-------|
| 3. Steffen Melheim, Olden IL | diskos | 55,83 |
|------------------------------|--------|-------|



Sogn og Fjordane var representert med tre utøvarar på nordisk landskamp på Kristiansand i 2019. F.v Mathias Andreas Reksten Dale, Breimsbygda IL (kule), Steffen Melheim, Olden IL (diskos), og Arne Devik, Gloppen FIL (slegge). Foto: Jørund Årdal

### 7.3 Norgesmeisterskap:

#### Medaljer NM senior 2018 Byrkjelo

|   |                           |             |                |          |
|---|---------------------------|-------------|----------------|----------|
| 1 | Trude Raad                | Gloppen FIL | slegge         | 63,96    |
| 1 | Merete Helgheim           | Gloppen FIL | 3000m kappgang | 13,55,77 |
| 2 | Øyvind Strømmen Kjerpeset | Florø T&IF  | 400m HK        | 52,22    |
| 2 | Thomas Mardal             | Gloppen FIL | slegge         | 70,01    |
| 2 | Evald Osnes Devik         | Gloppen FIL | slegge         | 60,53    |
| 3 | Elin Lunde Bakkelid       | Gloppen FIL | diskos         | 46,95    |

#### Medaljer NM innandørs 2019, Haugesund

|                      |                       |            |                |         |
|----------------------|-----------------------|------------|----------------|---------|
| (Bennet, Angelshaug, |                       |            |                |         |
| 2                    | Martinsen, Kjerpeset) | Florø T&IF | 4x200m stafett | 1,30,34 |

#### Medaljer NM junior 2018, Bislett

|   |                          |               |        |               |          |
|---|--------------------------|---------------|--------|---------------|----------|
| 1 | Mathias Melheim          | Olden IL      | U20    | Kule          | 15,40    |
| 2 | Ben Jeffrey Benert       | Florø T og IF | U20    | 200 meter     | 22,29    |
| 2 | Hans Sande               | Gloppen FIL   | MJ U23 | slegge        | 52,16    |
| 3 | Lisa Måren Løseth        | Høyang IL     | U20    | 3000 kappgang | 15.08.57 |
| 3 | Lasse Solheim Angelshaug | Florø T og IF | U23    | 200 meter     | 22,12    |

#### Medaljer UM innandørs 2018, Steinkjer

|   |                    |               |        |        |       |
|---|--------------------|---------------|--------|--------|-------|
| 1 | Mathias Melheim    | Olden IL      | G18/19 | Kule   | 16,14 |
| 2 | Steffen Melheim    | Olden IL      | G15    | Kule   | 15,73 |
| 2 | Adrian Kinnunen    | Florø T og IF | G15    | Høgde  | 1,80  |
| 2 | Ben Jeffrey Benert | Florø T&IF    | G17    | 200m   | 22,59 |
| 3 | Adrian Kinnunen    | Florø T og IF | G15    | Lengde | 5,62  |



#### Medaljer UM 2018, Overhalla

|   |                      |                |        |        |       |
|---|----------------------|----------------|--------|--------|-------|
| 1 | Ben Jeffrey Benert   | Florø T og IL  | G17    | 200m   | 22,44 |
| 1 | Mathias Melheim      | Olden IL       | G18/19 | Kule   | 16,13 |
| 1 | Knut Werge-Olsen     | Jotun IL       | G15    | 100m   | 11,71 |
| 1 | Steffen Melheim      | Olden IL       | G15    | Kule   | 16,48 |
| 1 | Steffen Melheim      | Olden IL       | G15    | Diskos | 62,96 |
| 1 | Elin Mardal          | STIL           | J15    | diskos | 36,76 |
| 2 | Elin Mardal          | STIL           | J15    | kule   | 11,42 |
| 2 | Steffen Melheim      | Olden IL       | G15    | Slegge | 51,75 |
| 2 | Mathias Melheim      | Olden IL       | G18/19 | Diskos | 44,47 |
| 2 | Arne Osnes Devik     | IL Brodd       | G17    | slegge | 59,93 |
| 3 | Mathias Melheim      | Olden IL       | G18/19 | Slegge | 37,21 |
| 3 | Knut Werge-Olsen     | Jotun IL       | G15    | 200m   | 23,89 |
| 3 | Ben Jeffrey Benert   | Florø T og IL  | G17    | 100m   | 11,27 |
| 3 | Mathias Reksten Dale | Breimsbygda IL | G15    | slegge | 39,82 |

#### Medaljer NM senior 2019, Hamar

|   |                          |             |             |          |
|---|--------------------------|-------------|-------------|----------|
| 1 | Merete Helgheim          | Gloppen FIL | 3000m kappg | 14,07,86 |
| 2 | Evald Osnes Devik        | Gloppen Fil | Slegge      | 65,63    |
| 3 | Henrik Johan F. Holmberg | Vik IL      | 110m hekk   | 14,76    |

#### Medaljer NM innandørs 2018, Bærum

|   |                          |             |                |          |
|---|--------------------------|-------------|----------------|----------|
| 1 | Merete Helgheim          | Gloppen FIL | 3000m kappgang | 13.42,22 |
| 1 | Henrik Johan F. Holmberg | Vik IL      | Høgde          | 2,06     |

#### Medaljer NM junior 2019, Sigdal

|   |                           |               |       |                |       |
|---|---------------------------|---------------|-------|----------------|-------|
| 1 | Steffen Melheim           | Olden IL      | U20   | kule           | 15,37 |
| 2 | Steffen Melheim           | Olden IL      | U20   | Diskos         | 54,33 |
| 2 | Kristi Strømmen Kjerpeset | Florø T og IF | J-U23 | 100 meter hekk | 14,75 |
| 2 | Arne Osnes Devik          | Gloppen FIL   | U20   | slegge         | 61,31 |
| 3 | Mathias Reksten Dale      | Gloppen FIL   | U20   | kule           | 14,58 |

#### Medaljer UM innandørs 2019, Dimna

|   |                           |                |        |       |       |
|---|---------------------------|----------------|--------|-------|-------|
| 2 | Tonje Sundal              | Jølster IL     | J17    | Høgde | 1.50  |
| 3 | Ben Jeffrey Bennett       | FlorøT&IF      | G18/19 | 200m  | 22,48 |
| 3 | Knut Werge-Olsen          | Jotun IL       | G16    | 60m   | 7,38  |
| 3 | Anne Lovise Krogh Indrebø | Breimsbygda IL | J15    | Kule  | 10,23 |

#### Medaljer UM 2019, Jessheim

|   |                           |                |        |        |       |
|---|---------------------------|----------------|--------|--------|-------|
| 1 | Steffen Melheim           | Olden IL       | G16    | Diskos | 59,96 |
| 1 | Steffen Melheim           | Olden IL       | G16    | Slegge | 49,02 |
| 1 | Mathias Reksten Dale      | Breimsbygda IL | G16    | Kule   | 15,92 |
| 2 | Anne Lovise Krogh Indrebø | Breimsbygda IL | J15    | Kule   | 10,74 |
| 2 | Arne Osnes Devik          | IL Brodd       | G18/19 | slegge | 63,50 |

|   |                             |               |        |         |       |
|---|-----------------------------|---------------|--------|---------|-------|
| 2 | Margrete Strømmen Kjerpeset | Florø T og IF | J17    | 300m hk | 45,75 |
| 3 | Tonje Sundal                | Jølster IL    | J17    | Høgde   | 1,45  |
| 3 | Steffen Melheim             | Olden IL      | G16    | Kule    | 15,34 |
| 3 | Håkon Hjelle Roset          | Sandane T&IL  | G18/19 | slegge  | 5821  |

#### Medaljer NM motbakkeløp 2019, Valldal

|   |                      |          |    |  |       |
|---|----------------------|----------|----|--|-------|
| 1 | Karoline Holsen Kyte | Førde IL | KS |  | 51,19 |
|---|----------------------|----------|----|--|-------|

#### Medaljer NM kappgang 2019, Os

|   |                 |          |    |                |          |
|---|-----------------|----------|----|----------------|----------|
| 1 | Merete Helgheim | Førde IL | KS | 3000m kappgang | 15.21,7  |
| 1 | Merete Helgheim | Førde IL | KS | 5000m kappgang | 24.56,80 |

#### 7.4 Resultat over 1000 poeng for jenter/gutar 11-18 år.

Oversikt over utøvarar har over 1000 poeng på Tyrvingtabellen i 2018 og 2019 følgjer i eigen tabell lenger ut i årsmeldinga.

#### 7.5 Veteranidretten.

Veteranar frå Sogn og Fjordane har markert seg med medaljer og gode plasseringar i NM. I tillegg har utøvarar frå fylket delteke internasjonalt med flotte plasseringar. Krinsen har vore representert både på utandørs og innandørsmeisterkapa for veteranar. Det er også sett fleire nasjonale bestenoteringar i ulike veteranklassar i tingperioden.

### 8 Stipend og utmerkingar.

#### 8.1 Idrettsstipend i tingperioden:

Sogn og Fjordane Idrettskrins delte i 2019 ut stipend til unge idrettsutøvarar i fylket. Mathias Reksten Dale (Breimsbygda) og Steffen Melheim (Olden IL) fekk begge tildelt stipend på 10 000,-.

#### 8.2 Friidrettsprisen:

Friidrettsprisen for 2017 vart tildelt Vik IL Friidrett på tinget i 2017.

#### 8.3 Vener av friidretten i Sogn og Fjordane:

Der har ikkje vore aktivitet i stiftinga i denne tingperioden.

#### 8.4 Heidersteikn/utmerkingar:

Dag Fosstvedt, Gloppen FIL mottok Kongens fortjenestemedalje i sølv under NM på Byrkjelo i 2018.

#### Friidrettens venners ærespris:

Trenar/leiar for 2017: Reidar Moldestad, Breimsbygda IL

Trenar/leiar for 2018: Thor Kjerpeset, Florø T og IF

|                      |                                                                                                 |
|----------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Beste 18 åring 2018: | Kristiane Sekkingstad Terum, Aurland IL (59,57/400m)<br>Håkon Hjelle Roset, STIL (55,31/slegge) |
| Beste 18 åring 2019: | Arne Devik, IL Brodd (64,73/slegge)                                                             |

## **9 Mottekne og løyvde midlar.**

### **9.1 Mottekne ekstraordinære midlar.**

Ein har motteke gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane i tingperioden.

### **9.2 Idrettsleg satsing / klubbtilskot.**

Krinsen har dekkja eigenandelar både i 2018 og 2019 på utøvarar som er uttekne på representasjonslag for NFIF der det vert kravd eigenandel.

## **10 Anlegg:**

### **10.1 Oppfølging av anlegg.**

Skei stadion har opna sitt nye anlegg der grus er erstatta med kunststoffdekke. Dette vart klart i 2018. I Gaupne er også eit nytt anlegg med kunststoffdekke klart, og det vil bli offisielle opning i 2020.

Generelt må anleggssituasjonen i fylket seiast å vere tilfredsstillande mht antal anlegg. Anlegget i Øvre Årdal er det einaste som ein kan karakterisere som i dårleg forfatning på grunn av slitasje og elde og treng rehabilitering.

Når anleggssituasjonen er god er det viktig med auka fokus på vask og vedlikehald av kunststoffdekkja slik at dei store investeringane som er gjort vert teke godt vare på.

Det vil bidra til at ein aukar levetida på anlegga betydeleg og at behovet for rehabilitering dermed vert lenger fram i tid. Her har krinsen ei viktig rolle med rettleiing overfor idrettslag og anleggseigarar.

## **11 Representasjon - tillitsvalde og administrasjon:**

### **11.1 Representasjon:**

Følgande har representert SFFIK i ulike organ i 2018/19:

|                                    |                                                    |
|------------------------------------|----------------------------------------------------|
| Forbundsting NFIF:                 | Håkon Løseth, Merethe Helgheim, Linn Katrin Bakke. |
| Idrettskrinsting, Myrkdalen:       | Håkon Løseth, Merethe Helgheim, Linn Katrin Bakke. |
| Haustmøte/leiar møte NFIF 2018/19: | Håkon Løseth, Merete Helgheim                      |
| Dagleg leiar møte i NFIF:          | Asgeir Årdal                                       |
| Reiseleiar LERØY-leikane 2018/19:  | Asgeir Årdal, Tor Inge Myrhol.                     |
| Dommarseminar i NFIF 2018/19:      | Dagfinn Nyhammer, Birger Berge                     |
| Støtteapparat NFIF ungdom/jun:     | Jørund Årdal, Gloppen FIL                          |
| Veteranutvalet NFIF:               | Johnny Solheimsnes, Jølster IL leiar.              |

## **12 Økonomi:**

### **12.1 Økonomisk utvikling:**

Sogn og Fjordane Friidrettskrins har styrka økonomien i inneverande tingperiode. Hovudårsakene er låg stillingsprosent i administrasjonen der ein har hatt 60% stilling i tingperioden, stabile inntekter på lisens, momskompensasjon, bingo, særkrinstilskot og krinskontingent.

Eigenkapitalen har ein bygd opp til eit tilfredsstillande nivå og ein har ein bra buffer for å møte tyngre tider økonomisk.

I 2019 vart Asgeir Årdal tilsett som dagleg leiar i 60% fast stilling. Viser elles til rekneskap og revisjonsmelding.

### **13 Oppsummering / Oppgåver i åra som kjem:**

#### **13.1 Oppsummering**

Friidretten i fylket har i hatt ei positiv utvikling på mange område, men slit framleis med rekrutteringa i delar av fylket. Etter nokre særdeles gode år i ungdomsmeisterskapa opplever ein at utøvarar frå fylket har teke færre medaljer enn tidlegare samt at deltakartala i UM har vist nedgang. Noko av dette skuldast tilfeldige svingingar mellom dei ulike årskulla, men fokus på rekruttering vert viktig framover.

På anleggsida har det vore mykje positivt dei siste åra og her er planar om tidsmessige anlegg fleire stader i fylket. Dei fleste stader ser ein auka aktivitet som følgje av nye og tidsmessige anlegg for friidrett. Fylket er eit av få i landet som ikkje har eller har konkrete planar om bygging av friidrettshall. Vinterstid ser vi at ein kjem bak dei andre krinsane høve treningstilhøve og konkurransetilbod. Fleire reiser til hallane i nabofylka både nord og sør for oss både for trening og konkurransar. Krinsen må ha ei aktiv rolle for å påverke slik at også Sogn og Fjordane får ein hall. Slik det ser ut no er det om få år vårt fylke saman med Finnmark som ikkje har denne typen hall.

Stemnetilbodet for dei som ikkje reiser ut av krinsen kunne vore betre. Spesielt viktig er det å få fleire stemne på bane for rekruttar for at fleire får prøvd friidretten mest mogeleg lokalt. Den nyoppstarta friidrettsturneen er her eit verkemiddel for å betre dette. Her må ein også ha fokus på utdanning av både trenarar og dommarar slik at klubbane står godt rusta for å auke aktiviteten sin.

Krinsen har etter kvart ein del arrangementsutstyr som klubbane kan låne som saman med ulike dataprogram til bruk på stemne og dette lettar mykje på arbeidet i samband med arrangement. Likevel er friidretten ein idrett som krev relativt mange som funksjonærar med sitt store øvingsutval. Å få fleire lokale stemne med enkelt øvingsutval gjerne på kveldstid i veka bør vere eit mål. Utdanning av trenarar, leiarar og dommarar er viktig for å kunne oppnå måla om auka aktivitet.

Utfordringane framover ligg i å få styrka mottaksapparatet i klubbane og få fleire med i aktivitet og konkurransar. Her er det viktig å ha eit utviklingsfokus med plass for alle utifrå dei ambisjonar ein har. Trivsel og miljø vil vere viktige faktorar for å lukkast med det. I samband med utdanning reiser mange ungdommar ut av fylket og her har klubbane og krinsen ei viktig oppgåve å bidra til at dei held fram med friidrett sjølv om dei ikkje lenger bur og trenar i eige fylke.

Talet på medlemslag i krinsen er stabilt og ein har ikkje hatt inn eller utmeldingar i tingperioden. Lisensordninga som vart innført for nokre år attende har i tillegg til inntekter også ført til at både arrangement og utøvarar er forsikra noko som mange ser

på som tryggande. Vi har hatt saker der desse forsikringane som lisensen gjev har vorte brukte, noko som er ein tryggleik både for dei aktive og arrangørane våre når uforutsette ting skjer.

Medlems/aktivitetstal etter Idrettsregistreringa som føregår sentralt, viser at Sogn og Fjordane FIK ligg heilt på toppen nasjonalt i forhold til folketalet. Mosjonsaktiviteten er den som gjev størst volum og laga tilbyr aktivitet for ulike grupper utover tradisjonell friidrett. I eit folkehelseperspektiv er dette viktig og friidretten har tilbod om aktivitet for folk i alle aldrar kringom i heile fylket. Løp som mosjonsaktivitet har auka betydeleg dei siste åra nasjonalt og her bør vere rom for fleire mosjonstiltak i fylket.

Friidretten slit framleis med å ha eit etablert apparat i alle deler av fylket og dette må ein ha fokus på framover. Der vi har mottaksapparat i laga fungerer, får vi og god aktivitet. Dette arbeidet bør prioriterast høgt også i kommande tingperiode.

SFFIK har fått ein solid økonomi og har handlefridom til å gjennomføre tiltak på dei områda ein vil prioritere.

Krinsen må framleis ha eit stekt fokus på klubbutvikling, utdanning og oppfølging av av trenarar, dommarar og leiarar. Kombinert med anleggsutvikling gjev det grobotn for vidare utvikling av friidretten i fylket.



Friidrettsturnè 2019 vart ei populært tiltak. Her frå arrangementet i Vik.

### 13.2 Nye oppgåver

Å styrke mottaksapparatet slik at alle som ynskjer å drive friidrett på ulikt nivå får eit tilbod, er framleis den viktigaste utfordringa vi har i friidretten. Her er utdanning og klubb utvikling eit viktig stikkord, og må prioriterast høgt kommande periode. Det bør også komme i stand ei sterkare satsing på talentutvikling innad i krinsen. Utifrå dette ser styret dette som dei viktigaste oppgåvene framover:

- Auka fokus på utdanning av trenarar og dommarar.
- Sikre vårt område med best mogeleg rammevilkår for friidretten.
- Arbeide for gode økonomiske rammevilkår for klubbar og krins.
- Auka fokus på treningssamlingar og fellestiltak i kretsregi.
- Auka fokus på klubb utvikling og klubbetilkast.
- Sikre at vedlikehald av eksisterande anlegg vert godt ivareteke.
- Legge til rette for fleire breiddetiltak i yngre årsklassar.
- Stimulere til bygging av nærmiljøanlegg for friidrett.
- Arbeide for etablering av fleiridrettshall med fast rundbane for friidrett

Styret vil rette ei stor takk til dagleg leiar som utfører eit fagleg godt arbeid med å utvikle friidrettskrinsen ved tilrettelegging og oppfølging av lag og utøvarar utfrå dei ressursar ein har. Det vert lagt ned eit betydeleg organisatorisk arbeid inn mot idrettskrinsen og friidrettsforbundet.

Styret vil med dette takke for samarbeidet og ynskje det nye styret lukke til framover.


Styret i Sogn og Fjordane Friidrettskrins  
Håkon Løseth  
-styreleiar-

**Rekneskap 2018-2019 / Budsjett 2020**

| <b>Tekst</b>                          | <b>Rekneskap 2019</b> | <b>Rekneskap 2018</b> | <b>Budsjett 2020</b> |
|---------------------------------------|-----------------------|-----------------------|----------------------|
| <b>INNETEKTER</b>                     |                       |                       |                      |
| Drift/administrasjon                  |                       |                       |                      |
| NFIF - Regionstilskudd                | 177 426,00            | 175 284,00            | 180 000              |
| NFIF - Startkont./ lisens             | 58 692,00             | 55 384,00             | 60 000               |
| Tilskudd idrettskrets                 | 189 892,07            | 56 424,46             | 60 000               |
| Lagskontingent                        | 210 200,00            | 209 300,00            | 75 000               |
| Bingoinntekter                        | 73 184,58             | 65 001,97             | 50 000               |
| Grasrotinntekt                        | 34 274,34             | 30 563,67             | 28 000               |
| Momskompensasjon                      | 40 660,00             | 19 646,00             | 40 000               |
| Andre inntekter                       |                       | 645,00                | -                    |
| <b>Sum adm.inntekter</b>              | <b>784 328,99</b>     | <b>612 249,10</b>     | <b>493 000</b>       |
| Aktivitetsinntekter                   |                       |                       |                      |
| Ungdomsaktivitet                      | 6 500,00              |                       |                      |
| Kretssamlinger                        | 159 560,68            | 41 450,00             | 56 000               |
| Friidrettsturne                       | 35 000,00             |                       | 130 000              |
| Utdanning                             | 5 222,00              | 11 350,00             | 10 000               |
| <b>Sum aktivitetsinntekter</b>        | <b>206 282,68</b>     | <b>52 800,00</b>      | <b>202 500</b>       |
| <b>SUM INNETEKTER</b>                 | <b>990 611,67</b>     | <b>665 049,10</b>     | <b>695 500</b>       |
| <b>KOSTNADER</b>                      |                       |                       |                      |
| Drift/administrasjon                  |                       |                       |                      |
| Personalkostnader                     | 293 103,00 -          | 355 221,00 -          | 380 000              |
| Driftskostnader                       | 89 248,73 -           | 108 502,83 -          | 103 300              |
| Støtteordning idrettslag              |                       |                       | 40 000               |
| Kostnader styremøter                  | 9 210,00 -            | 2 430,00 -            | 9 500                |
| Kostnader krinsting                   | -                     | 8 201,70 -            | 4 000                |
| Kostnader andremøter / representasjon | 29 429,13 -           | 26 489,10 -           | 7 500                |
| <b>Sum adm.kostnader</b>              | <b>420 990,86 -</b>   | <b>500 844,63 -</b>   | <b>544 300</b>       |
| Aktivitetskostnader                   |                       |                       |                      |
| Ungdomsaktivitet                      | 61 047,00 -           | 76 629,90 -           | 64 200               |
| Kretssamlinger                        | 81 679,85 -           | 33 825,30 -           | 80 000               |
| Friidrettsturne                       | 50 472,82             |                       | 135 000              |
| Utdanning                             | 2 949,00 -            | 13 581,25 -           | 7 000                |
| <b>Sum aktivitetskostnader</b>        | <b>196 148,67 -</b>   | <b>124 036,45 -</b>   | <b>286 200</b>       |
| <b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>            | <b>617 139,53 -</b>   | <b>624 881,08 -</b>   | <b>830 500</b>       |
| <b>Driftsresultat</b>                 | <b>373 472,14</b>     | <b>40 168,02 -</b>    | <b>-135 000</b>      |
| FINANSPOSTER                          | 183,00                | 4 753,00              |                      |
| <b>RESULTAT ETTER FINANSPOSTER</b>    | <b>373 655,14</b>     | <b>44 921,02</b>      | <b>-135 000</b>      |

### Balanse 2018-2019

| Tekst                                  | 2018                | 2019                |
|----------------------------------------|---------------------|---------------------|
| Utestående fordringer                  | 57 000,00           | 54 635,00           |
| Kasse, bank                            | 1 421 873,21        | 1725 231,93         |
| <b>Sum omløpsmidler</b>                | <b>1 528 787,13</b> | <b>1 779 866,93</b> |
| Egenkapital og tilskudd                | 1 287 002,79        | 1 660 657,93        |
| Leverandørgjeld                        | 102 835,25          | 68 203,00           |
| Påløpt kostnad / forskuddsbet. inntekt | 138 949,09          | 51 0006,00          |
| <b>Sum egenkapital og gjeld</b>        | <b>1 528 787,13</b> | <b>1 779 866,93</b> |

  
Håkon Løseth, styreleiar

  
Merete Helgheim, nestleiar

  
Steinar Gram, styremedlem

  
Linn Kathrin Bakke, styremedlem

  
Silje Kristin Moldestad, styremedlem

  
Asgeir Årdal, dagleg leiar



## REVISJONSRAPPORT FOR 2018 og 2019.

Underteikna, som vart valde til revisorar på krinstinget i feb. 2005, har revidert Sogn og Fjordane Friidrettskrins sine rekneskapar for 2018 og 2019.

Rekneskapane er avslutta med overskot på kr. 44.921,02 i 2018 og 380031,14 i 2019. Eigenkapitalen er pr. 31.12.2019 kr. 1.667.033,93 viss ein legg til grunn at overskotet blir tilført eigenkapitalen.

2018:

Vi har gått gjennom og kontrollert alle bilag. Vi har kontrollert saldo i hovudbok mot bankkontoutskrifter. Vi har også gått gjennom kontoutdrag for kundar og leverandørar. Alle posteringar er dokumentert med bilag. Alle postar i balansen er også dokumentert.

Merknader:

1. Inngående balanse 2018 er eigenkapitalen kr. 5000 høgre enn det som er står i revisjonsrapporten for 2016/17.
2. Bilag 18195. Inngående faktura, datert 2018. Vi meiner den skulle vore ført mot reskonto (kto 50000) og ikkje mot 2960. Då ville det også samsvart med vedlagt kontoutdrag kunde frå NFIF sitt rekneskap.
3. Bilag 18082. Gåve frå sparebankstiftinga kr. 150.000. Av dette beløpet er 130.000 tilbakeført frå kto 3442 og ført mot 2970 i balansen (forskotsbetalte inntekter). Dette som eit teknisk grep for å kunne inntektsføre pengane etter kvart som dei blir brukte. Det som er litt uheldig er at gåvebeløpet «drukna» i resultatoppsettet. Vil tru Sparebanken hadde sett pris på at gåva syner att i rekneskapet.
4. Bilag 18131 er mangelfullt. Varetekst manglar.
5. Bilag 18163. Det er betalt kr. 2925 til Hertz. Utskrift frå Hertz viser pris kr. 2838.

2019:

Her er vi over på papirlaust rekneskap. Vi har fått oversendt følgjande elektronisk: hovudbok, resultatrapport, balanserapport, årsoppgåve bank, aldersfordelt saldoliste kundar og leverandørar. Vidare har vi bedt om spesifisering av konto 2960 og dokumentasjon på nokre bilag som vi ved gjennomsyn av hovudbok ynskte å kontrollere. I tillegg bad vi om ei kort orientering om attesteringsrutinane. Vi har fått alt vi har bedt om og har ein merknad:

Merknad:

6. Overføringane frå hovudbok til resultatoppsett er litt vanskeleg å følgje. Vi ser i hovudbok at det er tapt ført eldre krav på årskontingent med kr. 7830 i 2019 og kr. 2525 i 2018. Dette kunne godt kome fram som eigen post i resultatrapporten. Vi legg elles merke til at det framleis er gamle krav i rekneskapet, men ingen eldre enn frå 2018.:

For oss ser det ut som resultatet for 2018 skal påplussast kr. 5000. Dei andre merknadane påverkar ikkje resultat og balanse, og vi tilrår godkjenning.

Skei, 02.03.2020

  
Oddvin Øygard

  
Gunnar Sunde

## Resultat over 1000 poeng i S&amp;Fj etter Tyrvingtabellen 2018

| Navn                        | Klubb           | Klasse | Øving          | Resultat | Poeng |
|-----------------------------|-----------------|--------|----------------|----------|-------|
| Jakob Slåtten               | Jølster IL      | G13    | 60 meter hekk  | 9,18     | 1124  |
| Jakob Slåtten               | Jølster IL      | G13    | 200 meter hekk | 29,38    | 1109  |
| Ben Jeffrey Benert          | Florø T og IL   | G17    | 100 meter      | 11,03    | 1079  |
| Ruben Alexander Eide Gjerde | Olden IL        | G13    | 100 meter      | 12,36    | 1074  |
| Knut Werge-Olsen            | Jotun IL        | G15    | 100 meter      | 11,56    | 1066  |
| Jakob Slåtten               | Jølster IL      | G13    | 60 meter       | 7,77     | 1062  |
| Ben Jeffrey Benert          | Florø T og IL   | G17    | 100 meter      | 22,29    | 1060  |
| Knut Werge-Olsen            | Jotun IL        | G15    | 80 meter       | 9,54     | 1057  |
| Jakob Slåtten               | Jølster IL      | G13    | 200 meter      | 25,45    | 1046  |
| Arne Devik                  | Brodd IL        | G17    | Slegge         | 63,48    | 1044  |
| Johannes Konstali-Lødemel   | Stryn T og IL   | G13    | 600 meter      | 1,32,87  | 1042  |
| Johannes Konstali-Lødemel   | Stryn T og IL   | G13    | 200 meter      | 25,55    | 1038  |
| Steffen Melheim             | Olden IL        | G15    | Kule           | 16,48    | 1035  |
| Britney Benert              | Florø T og IL   | J15    | 80 meter hekk  | 12,25    | 1035  |
| Knut Werge-Olsen            | Jotun IL        | G15    | 200 meter      | 23,64    | 1030  |
| Marte Hovland               | Vik IL          | J13    | 1500 meter     | 5,00,19  | 1028  |
| Mathias Melheim             | Olden IL        | G19    | Kule           | 16,13    | 1027  |
| Johannes Konstali-Lødemel   | Stryn T og IL   | G13    | 60 meter       | 7,91     | 1024  |
| Maja Fuglestrand Baade      | Loen IL         | J13    | Spyd           | 37,75    | 1022  |
| Ruben Alexander Eide Gjerde | Olden IL        | G13    | 60 meter       | 7,93     | 1018  |
| Maja Fuglestrand Baade      | Loen IL         | J13    | Liten ball     | 57,78    | 1017  |
| Steffen Melheim             | Olden IL        | G15    | Slegge         | 51,75    | 1017  |
| Steffen Melheim             | Olden IL        | G15    | Diskos         | 51,62    | 1008  |
| Jakob Slåtten               | Jølster IL      | G13    | 100 meter      | 12,77    | 1005  |
| Knut Werge-Olsen            | Jotun IL        | G15    | 300 meter      | 38,59    | 1000  |
| Elin Mardal                 | Sandane T og IL | J15    | Kule           | 11,42    | 1000  |
| Adrian Kinnunen             | Florø T og IL   | G16    | Høgde          | 1,80     | 1000  |

## Resultat over 1000 poeng i S&amp;Fj etter Tyrvingtabellen 2019

| Navn                         | Klubb          | Klasse | Øving        | Resultat | Poeng |
|------------------------------|----------------|--------|--------------|----------|-------|
| Steffen Melheim              | Olden IL       | G16    | Diskos       | 61,03    | 1208  |
| Johannes Konstali-Lødemel    | Stryn T og IL  | G14    | 300 meter    | 38,12    | 1112  |
| Jakob Slåtten                | Jølster IL     | G14    | 80 meter hk  | 11,25    | 1112  |
| Maja Fuglestrand Baade       | Olden IL       | J14    | Spyd         | 45,54    | 1085  |
| Jakob Slåtten                | Jølster IL     | G14    | 60 meter     | 7,45     | 1081  |
| Arne Devik                   | Brodd IL       | G18    | Slegge       | 64,73    | 1087  |
| Mathias Andreas Reksten Dale | Breimsbygda IL | G16    | Kule         | 16,95    | 1070  |
| Ruben Alexander Eide Gjerde  | Olden IL       | G14    | 60 meter     | 7,53     | 1059  |
| Johannes Konstali-Lødemel    | Stryn T og IL  | G14    | 800 meter    | 2,05,69  | 1059  |
| Ruben Alexander Eide Gjerde  | Olden IL       | G14    | 100 meter    | 12,00    | 1059  |
| Leif Magnus Grov Husevåg     | Brodd IL       | G14    | Slegge       | 46,88    | 1058  |
| Knut Werge-Olsen             | Jotun IL       | G16    | 100 meter    | 11,42    | 1047  |
| Jakob Slåtten                | Jølster IL     | G14    | 200 meter hk | 28,55    | 1039  |
| Isak Heggdal Skogen          | Vikane IL      | G14    | 1500 meter   | 4,22,94  | 1035  |
| Jakob Slåtten                | Jølster IL     | G14    | 200 meter    | 24,40    | 1034  |
| Steffen Melheim              | Olden IL       | G16    | Kule         | 15,34    | 1022  |
| Jakob Slåtten                | Jølster IL     | G14    | 100 meter    | 12,26    | 1015  |
| Britney Benert               | Florø T og IL  | J16    | 80 meter h.  | 12,13    | 1009  |
| Knut Werge-Olsen             | Jotun IL       | G16    | 60 meter     | 7,37     | 1008  |
| Christopher Solheim          | STIL           | G14    | Høgde        | 1,73     | 1007  |
| Margrete Strømmen Kjerpeset  | Florø T og IL  | J17    | 300 meter h. | 45,75    | 1006  |
| Ben Jeffrey Benert           | Florø T og IL  | G18    | 200 meter    | 22,59    | 1005  |

Notatar:

Vedlegg 1)

## SAK 6 – FRAMTIDIG KRETSSTRUKTUR

### **Bakgrunn for saka:**

Under Haustmøtet 2018 starta arbeidet med framtidig kretsstruktur. Styret i Norges Friidrettsforbund har satt etterkvart ned ei arbeidsgruppe for å vurdere framtidig kretsstruktur for norsk friidrett. Gruppa har bestått av Henrik Carstens og Per Espen Fjeld frå styret i NFIF, Johnni Terje Håndstad og Ragnar Prestvik, kretsledere, samt Kjetil Hildeskor og Tonje Langehaug Svenneby, administrasjonen.

Arbeidsgruppa i NFIF har skissert ned fordeler og ulemper med dagens struktur:

#### *FORDELER:*

- Overkommelige geografiske avstander.
- Oversiktlig – og overkommelige oppgaver.
- Betyr mye for utøvere og klubber i gjennomføring av aktivitet (nærhet).
- Et pluss ved rekruttering av tillitsvalgte (tidsbruk, reiseavstand, belastning i vervet)
- Mulighet for at klubber, trenere og utøvere kjenner hverandre (nærhet)

#### *ULEMPER:*

- Kan bli spinkelt tilbud (antall klubber, aktivitet, kompetansebygging, rekrutteringsgrunnlag aktive og tillitsvalgte, ressurser) i noen kretser
- Begrensede ressurser kan gi begrensede muligheter

Arbeidsgruppa i NFIF har skissert ned fordeler og ulemper med større kretsstruktur.

#### *FORDELER:*

- Større ressurser, potensielt bredere kompetanse og større tilbud i egen krets (flere å spille på)
- Kan gjøre det lettere å lage treningstilbud for utøvere på samme nivå i flere klubber
- En idrettskrets og ett fylke å forholde seg til (hvis sammenslått krets sammenfaller med fylke/region).

#### *ULEMPER:*

- Større geografiske avstander både for aktive og tillitsvalgte
- Mer krevende å være tillitsvalgt (større avstander, utvidet ansvar/arbeidsomfang)
- Blir betydelig dyrere å drive organisatorisk jfr. møtevirksomhet og andre tiltak

Styret i Norges Friidrettsforbund fastsetter, i henhold til Norges friidrettsforbunds lover, de geografiske grensene for kretsene med bakgrunn i organisasjonsmessige prosesser og tingvedtak i kretsene.

- a) Med de variasjonene som eksisterer i både aktivitet, økonomi, ressurser og geografi, ser ikke arbeidsgruppa at det er en entydige fordeler med en omfattende ny kretsstruktur, men gruppa ser samtidig klare fordeler med at enkelte kretser slår seg sammen. Gruppa tilrår derfor at dagens kretsstruktur i hovedsak videreføres, men kretser som frivillig ønsker å slå sammen står fritt i å anbefale dette overfor styret i NFIF.
- b) Fram til 1. mars SKAL kretser som hører til i samme region gjennomføre felles drøftinger om framtidig kretsorganisering og med basis i disse konkludere om de ønsker å

- 1) Videreføre dagens kretser med samme rammer som i dag
- 2) Videreføre dagens kretser, men inngå forpliktende samarbeidsavtaler med andre kretser
- 3) Slå seg sammen

Styret i SFFIK sitt arbeid:

Styret har i styremøte i januar 2020 drøfta fordeler og ulemper ved dagens kretsstruktur / større kretsstruktur. Kvar krets er blitt utfordra av styret i forbundet til å gjennomføre felles drøftingar med krets som høyrer til same region. Styreleiar Håkon Løseth har hatt samtaler med kretsleder i Hordaland, og med bakgrunn i desse samtalanane ynskjer både Sogn og Fjordane og Hordaland å vidareføre dagens kretsar med same ramme som i dag.

Styret i SFFIK har difor gjort følgjande vedtak, som er framlegg til krinstinget 2020:

*Sogn og Fjordane Friidrettskrins blir vidareført med same ramme som i dag.*

Vedlegg 2:

## SAK 8 – STØTTE TIL KLUBBAR MED UTØVARAR PÅ REKRUTTLANDSLAG

### **Bakgrunn for saka:**

Det er sportsleg attraktivt for klubbane i S&Fj å få utøvarar på eit rekruttlandslag. Gjennom landslagssamlingar vert det tilført kompetanse til utøvar/trenar/klubb som kjem krinsen til gode ved at desse utøvarane/trenarane er med på krinssamlingar og såleis får spreidd kompetansen til andre lag. Rekruttlandslaga får lite budsjettmidlar frå Norsk friidrett, det fører til at laga som får med utøvarar må ta all kostnad til reiser for trenar og utøvar i tillegg til eigenandel for kost og losji på samlingane. Dei fleste samlingane vert haldne på Toppidrettsenteret i Oslo gjennom vinterhalvåret, då er fly einaste reelle reisealternativ.

For ein utøvar frå vårt fylke vil reise/opphald difor ha ein kostnad på inntil 10.000 kr pr. sesong (3-4 samlingar) for å kunne delta på landslagssamlingane. Dei siste 10 åra har det vore mellom 2 og 4 utøvarar frå vår krins som til ei kvar tid har vore på rekruttlandslag, dei fleste i kast. Krinsen har no utøvarar som er på rekruttlandslag og som er på veg mot finalar/medaljer i internasjonale meisterskap og som utviklar seg i eige fylke.

### **Gloppen Friidrettslag sitt framlegg til vedtak:**

Friidrettstinget vedtek å setje av budsjettsum på inntil 40.000 kr pr år til å dekke dokumenterte reiseutgifter og eigenandelar for utøvararar i samband med rekruttlandslagssamlingar. Laget til den aktive sender dokumentert oversyn til friidrettskrinsen innan utgangen av oktober kvart år.

### **Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Sogn og Fjordane Friidrettskrins set av budsjettsum på inntil 40 000 kr for 2020 til å dekkje dokumenterte reiseutgifter og eigenandelar for utøvarar i samband med rekrutteringssamlingar per kalenderår. Laget til den aktive sender dokumentert oversyn til friidrettskrinsen innan utgangen av året. Styret får fullmakt til å fastsette budsjettsum til dette føremålet i 2021. Saka skal opp på nytt på tinget i 2022.